

Ledig stilling

Vikariat som dagleg leiar i 100% stilling



Bjørnafjorden kyrjelege fellestråd v/Fusa sokn har ledig vikariat som:

Dagleg leiar for Fusa frivilligsentral

Stillinga er 100% og er eit vikariat frå medio september 2026 (eller etter avtale) og om lag eit år, moglegvis ut 2027.

For deg som vert tilsett vil frivilligsentralen kunne gje utfordrande og spennande oppgåver – oppfølging av eksisterande tiltak og nye oppgåver, som vert utforma i lag med styret for frivilligsentralen. For meir informasjon om sentralen sjå fusa.frivilligsentral.no eller Fusa frivilligsentral på facebook. Dagleg leiar for Fusa sokn er næraste administrative overordna. Fusa frivilligsentral har lokaler/kontor på Fjord`n Nærseiter i Eikelandsosen.

Vi søkjer ein medarbeidar med høgskuleutdanning eller anna relevant utdanning og praksis. Det er ein fordel om du har kjennskap til frivilligsentralane sitt arbeid og har erfaring med arbeid med menneske. Du må kunne arbeide sjølvstendig og trivast med det, og det vert lagt stor vekt på at du er personleg eigna. Lokalkunnskap er eit føremon. Dagleg leiar har ansvar for eige budsjett. Du må vera lojal mot Den norske kyrkja sitt verdigrunnlag. Du må ha førarkort og disponere bil. Det er utarbeidd instruks for stillinga.

Løn og tilsetjing etter avtale.

Fusa sokn er eit av to sokn i Bjørnafjorden kyrkjelege fellestråd, Bjørnafjorden kommune, Vestland. Fusa frivilligsentral (og Fusa sokn) dekkjer eit område som er geografisk likt med tidl. Fusa kommune og har arbeid i områda Strandvik, Vinnes, Fusa, Eikelandsosen, Holmefjord, Hålandsdalen, Sævareid, Baldersheim og Nordtveit.

Spørsmål kan rettast til dagleg leiar i Fusa sokn Hans Einar Markhus, tlf. 95936580, eller dagleg leiar i Fusa frivilligsentral Linda Cecilie Reigstad Matland, tlf. 90918735.

Søknad sendast **snarast** til Fusa sokn, postboks 73, 5649 Eikelandsosen / post.fusa@kyrkja.no

Intervju vil bli teke fortløpande med aktuelle kandidatar.

Søknadsfrist 07.06.2026